Tysnes
Kraftlag AS

# Sak 7 Orientering om drifta

Måndag 1. juni 2026

**Einar Wathne,** styreleiar Tysnes Kraftlag AS

# Innhald/tema


01 Styret 2025-2026

02 Verv og roller

03 Styremøte mm

04 Store IT prosjekt

05 Samarbeidspartnerar

06 Aksjonærarbeid

07 Eigarskap og utbyte Eviny

08 Fondsplassering

09 Tildelingsstatistikk

10 Tildelingar Samfunnskraft

11 Tildelingar Skaparkraft

12 Tildelingar Framtidskraft

13 Strategi Stiftelse eller AS

14 Strategi Samarbeid Sparebankstiftelsen

15 Strategi Tysnes +

16 Strategi Eigedomsutviklings selskap

# Styret 2025-2026

**Styremedlemmer:**
Einar Wathne - Styreleiar
Lena Vermedal - Nestleiar
Karoline Dalen - Styremedlem
Hans Tore Brekke - Styremedlem
Øyvind Hope - Styremedlem

**Varamedlemmer:**
Britt Ersvær - 1. varamedlem
Terje Instøy - 2. varamedlem

# Verv og roller

- **Utviklingsfond (PUF)**
  - Lena Vermedal, Hans Tore Brekke, Børge Pedersen, Lars Solberg, Einar Wathne
- **Styreroller**
  - Tysnes Gjev Meirsmak AS, Hans Tore Brekke
  - Kulturkontoret AS, Einar Wathne
  - Lynghaugane Møbelverkstad AS, Hans Tore Brekke
  - Sunnfast AS, Lena Vermedal

# Styremøter mm 2025/2026

119 tildelingar
(139)

Styremøter
10 (9)

Styresaker
199

- 119 tildelingar handsama i styret
- 1 fysiske møter med valnemnda
- 1 strategisamling saman med sparebankstiftinga
- 1 Aksjonærmøte
- 1 ekstraordinær GF (val av revisor)

# Samarbeidspartnarar



Rekneskap: Aspia (Daniel Lødemel)
Revisjon: KPMG (Terje Hatleberg)
Vaktmeistertenester: Tysnes Hus og Hytteservice
Media/nettsider: Blikk Design (Marita Bakke)
Næringsfond/Utviklingsfond: Atheno
Juridisk bistand: KPMG/Haver
Leigetakarar: BKK, Bladet Tysnes, Enivest AS

# Store IT prosjekter

- Orgbrain styreportal
- PowerOffice rekneskapssystem

Store IT prosjekter

# Ny søknadsportal i samarbeid med Sparebankstiftinga




mediebruket

# Aksjonærarbeid

- Økt ressursbruk knytt til økt aktivitet i overføring av aksjer
- Siste 12 månader er det gjennomført 264 overføringar
- Herreløse aksjer - identifisering og overføring
- Bruker meir ressursar sjølv, tek vekk oppgåver frå DnB
- Tysnes Sparebank sine kundar er overført til ny kontoførar, Norne, dette ført til økt ressursforbruk
- Herreløse aksjer – prioritet fram mot neste GF. Mål, be GF om å få fristilt dei resterande herreløse til fordeling blant unge og tilflyttarar.

# Lag og organisasjonar:
# 224 overføringar, 40 lag, 8,6 prosent av kapitalen

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Båtlaget Njord/tysnes | 13 | 417265 |
| 2 | Flatråker bygdelag: | 5 | 179640 |
| 3 | Hålandsneset grendala | 10 | 232415 |
| 4 | Lunde Bedehuslag | 4 | 96964 |
| 5 | Lunde Bygdelag | 10 | 502037 |
| 6 | Lunde Ungdomslag | 4 | 265536 |
| 7 | Lundehagen vel | 1 | 25085 |
| 8 | Njardar/ Tysnes IL | 16 | 662810 |
| 9 | Onarheim musikklag | 2 | 34477 |
| 10 | Onarheim og Tveit bygda | 11 | 560441 |
| 11 | Onarheim Idrettslag | 5 | 226661 |
| 12 | Opdal Ungdomslag | 15 | 797433 |
| 13 | Reksteren Idrettslag | 11 | 315979 |
| 14 | Reksteren øylag | 8 | 230685 |
| 15 | Reksteren Ungdomslag | 3 | 37205 |
| 16 | Skorpen Grendahus | 2 | 77554 |
| 17 | Solheimsdalen Grendela | 7 | 424074 |
| 18 | Solstråleøya Venelag: | 4 | 110781 |
| 19 | Tysnes bygdekvinnelag | 2 | 68846 |
| 20 | Tysnes Dyrevenlag | 8 | 450599 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 21 | Tysnes Helselag | 1 | 16293 |
| 22 | Tysnes Hestesportlag | 1 | 16709 |
| 23 | Tysnes Husflidslag: | 1 | 523 |
| 24 | Tysnes idrettslag: | 5 | 230473 |
| 25 | Tysnes Jakt og fiskarlag | 4 | 286325 |
| 26 | Tysnes kammerkor | 2 | 117115 |
| 27 | Tysnes Kystlag | 2 | 72574 |
| 28 | Tysnes musikklag | 5 | 248193 |
| 29 | Tysnes Røde kors | 24 | 1084356 |
| 30 | Tysnes seniordans | 2 | 86478 |
| 31 | Tysnes Skulekorps | 3 | 109755 |
| 32 | Tysnes Sogelag: | 5 | 156392 |
| 33 | Tysnes Sportsskytterklub | 4 | 418640 |
| 34 | Tysnes teaterlag | 2 | 184861 |
| 35 | Tysnes Turlag: | 8 | 208500 |
| 36 | Tysnes Ungdomslag: | 6 | 180462 |
| 37 | Uggdal Idrettslag | 3 | 119137 |
| 38 | Uggdal Indremisjon/Jen: | 2 | 79378 |
| 39 | Venelaget Tysnessåto | 2 | 123019 |
| 40 | Vågsmarka Vel | 1 | 64269 |

# Vi er godt plassert med tanke på avkastning…



# Også med tanke på utbytte…

## Eviny har over tid levert den høyeste utbyttegraden blant de største kraftselskapene, og legger dagens utbyttestrategi til grunn fremover

**Utbytte til eierne i % av resultat i perioden 2010-2023, fordelt på større og mindre selskaper**

Hafslund og Statkraft er ikke inkludert




Kilde: Rekordhøye kraftutbytter etter rekordhøye kraftpriser? - Civita-notat (2010-2021) og intern kartlegging Eviny (2022-2023)

# Og det ser godt ut framover…



# Fondsoversikt 20.05.26

**Totalverdi**

Fond

**28 005 185 kr**

+4 801 089 kr (17%)




**Utvikling av total portefølje**

5 år



# Fondsoversikt 20.05.26

## Eika Verdipapirkonto 2022

Eika Verdipapirkonto 03525VPK000336

| Type | Verdipapir | Antall | Kostpris | Markedsverdi | Gevinst/tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Aksjefond | Eika Egenkapitalbevis B | 46 278,9151 | 2 653 000 | 5 153 240 | 2 500 240 (94,2%) |
| Aksjefond | Eika Norden B | 3 270,0521 | 2 439 111 | 3 515 826 | 1 076 715 (44,1%) |
| Rentefond | Eika Kreditt B | 3 726,9114 | 3 639 699 | 3 838 557 | 198 858 (5,5%) |
| Rentefond | Eika Rente+ | 3 694,5837 | 3 814 922 | 3 872 966 | 58 044 (1,5%) |
| Sum | | | 12 546 732 | 16 380 590 | 3 833 857 (31%) |

# Fondsoversikt 20.05.26

2024

Eika Verdipapirkonto 03525VPK000488

| Type | Verdipapir | Antall | Kostpris | Markedsverdi | Gevinst/tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Aksjefond | Eika Egenkapitalbevis B | 22 123,6070 | 1 666 782 | 2 463 503 | 796 721 (47,8%) |
| Aksjefond | Eika Norden B | 1 620,8352 | 1 666 855 | 1 742 656 | 75 801 (4,5%) |
| Rentefond | Eika Kreditt B | 2 757,0976 | 2 810 926 | 2 839 691 | 28 765 (1,0%) |
| Rentefond | Eika Rente+ | 4 367,8559 | 4 512 801 | 4 578 745 | 65 944 (1,5%) |
| Sum | | | 10 657 364 | 11 624 595 | 967 231 (9%) |

# Kven søker mest...



# Trufaste søkjarar…



# Kor kjem søknadane frå...

SØKNADER PER POSTNUMMER

*Alle søknader, uavhengig av status*

| POSTNR | STAD | SØKNADER |
|---|---|---|
| 5680 | Tysnes | 40 |
| 5685 | Uggdal | 34 |
| 5694 | Onarheim | 11 |
| 5690 | Lundegrend | 6 |
| 5683 | REKSTEREN | 3 |
| 5693 | Årbakka | 3 |
| 5696 | Tysnes | 3 |
| 5687 | Flatråker | 1 |

# Ti på topp gjennom alle år...

TOP 10 MOTTAKARAR — ALL HISTORIKK

*Basert på alle utbetalte søknader frå arkiv og nytt skjema, gruppert på org.nr*

| # | ORGANISASJON | ORG.NR | TILDELINGAR | TOTALT MOTTATT |
|---|---|---|---|---|
| #1 | TYSNES KOMMUNE | 959412340 | 52 | kr 8,2M |
| #2 | TYSNES UNGDOMSLAG | 912483738 | 4 | kr 4,4M |
| #3 | VENELAGET TYSNESSÅTO | 923089977 | 4 | kr 4,3M |
| #4 | LUNDEGREND IDRETTSLAG | 971356413 | 4 | kr 3,6M |
| #5 | STIFTINGA TYSNESFEST | 996558665 | 11 | kr 3,2M |
| #6 | LUNDE BYGDALAG | 914741343 | 11 | kr 1,5M |
| #7 | UGGDAL BYGDALAG | 998727618 | 2 | kr 1,5M |
| #8 | KULTURKYRKJA ONARHEIM | 922894159 | 8 | kr 1,4M |
| #9 | Tysnes Kommune | — | 4 | kr 1,3M |
| #10 | TYSNES GJEV MEIRSMAK AS | 929126629 | 4 | kr 1,0M |

# Utbetalt pr fond...

| | |
|---|---|
| Samfunnskraft | 31,4 mill |
| Framtidskraft | 12,2 mill |
| Skaparkraft | 3,9 mill |
| Enøk | 2,4 mill |
| Næringsfond | 1,4 mill |
| Spegling | 600k |
| Reisekasse skular ... | 250k |
| Ukategorisert | 171k |

# Samfunnskraft

**Døme:**

# Uggdal Bygdalag / Uggdal Idrettslag - Opparbeiding av turveg & lysanlegg

## Sidan 2021 har me fått

- Ny turveg
- Oppgradering av eksisterande traktorveg
- Lysanlegg
- Kyrkejvatnet Friluftsområde og Aktivitetspark utvikla saman med kommunen og BOF







# Tysnes kommune - Nye vegljos i Dallandsbrekko




VEGLYS: Åtte veglys skal setjast opp langs det smalaste partiet i Dallandsbrekko. (Illustrasjon: Tysnes kommune)

## Sidan 2021 har me fått

- 8 veglys montert i Dallandsbrekko
- Prosjektet vart gjennomført i 2024, med ein totalkostnad på 1 199 308 kroner.
- Kraftlaget bidrog med 353 000 kroner gjennom to søknader, og fylket dekka 700 000 kroner.
- Prosjektet gjekk om lag 40 000 kroner over budsjett, som kommunen dekka. Kommunen betalte dermed totalt 347 000 kroner i prosjektet

# Skaparkraft

**Døme:**

# Anders Bakke - Innspeling og utgjeving av musikk

- Innspeling oktober 2025
- Lokale musikarar
- Profesjonelt studio og mastering
- Slept på digitale plattformar 9. januar 2026



# Auran Tona & Tekst - Gje ut diktbok

- Eg har gjennom fleire år skrive dikt, og bestemte meg for om lag eit år sidan for å samla eit utval av desse i ei diktsamling. I juni 2025 fekk eg tildelt midlar av Tysnes Kraftlag til å gje ut ei diktbok.
- Eg håpa å finna ein slags raud tematisk tråd blant dikta mine. Dette var ein prosess som tok ein del tid. Eg oppdaga etter kvart at det var ein familie-tematikk som gjekk igjen i dikta eg hadde skrive. Tittelen på boka vart difor «F i r a», som i «ein familie på fira»





# Tysnes Næringsråd - Distribusjon av Sommaravisa

- Sidan bladet Tysnes kom ut med si fyrste sommaravis i 2008 med 44 sider og i eit opplag på 10.000 eksemplar, har "Opplev Tysnes" utvikla seg til å bli eit merkenamn og ein levande turistguide for sommaropplevingar i ferie kommunen vår. Avisa er blitt kjært motteke av lesarane og redaksjonen får mange positive tilbakemeldingar



# Framtidskraft

**Døme:**

# Tysnes kommune - Transport og aktivitetar

**I kalenderåret 2025 har barnehagar og skular nytta seg av reisefond frå Tysnes kraftlag til følgjande aktivitetar:**

- Transport til teaterforestillingar
- Leige av buss til ulike turar og arrangement, til dømes skidagar, kino, fjellturar og ekskursjonar.
- Avslutningstur til Evje for 10. trinn
- Skyss reise til Blåbærhaugen, Krafttak mot kreft for skular og barnehagar
- Reise i høve overgangsarbeid mellom barnehagar og skular
- Fleire førskuletreff for førskuleborn i alle barnehagane
- Tur til Sandnes for Lego League
- Andre utgifter i høve arrangement som til dømes vikarutgifter, mat og billetter



# Tysnes Gjev Meirsmak - Gjennomføring av First Lego League 2025

- Årets First Lego League-turnering samla rundt 200 barn og unge frå 5.–10. klasse, i tillegg til minst like mange vaksne – lærarar, foreldre og besøkande. Deltakarane kom frå Tysnes, Bjørnafjorden, Kvam, Samnanger og Bømlo, og bidrog til ein heildagsfest for teknologi, forsking og skaparglede.
- Stemninga i Tysneshallen var elektrisk frå start til slutt – «hallen kokte», som fleire sa. Sjølv med færre lag enn i fjor (12 mot 20), var engasjementet og publikumsoppslutninga minst like stor. Dagen baud på spenning, meistring, stoltheit og mykje læring. Mange elevar fortalde at dei hadde fått nye vener og opplevd korleis samarbeid og problemløysing kan vere både gøy og lærerikt.



# Tysnes Ungdomslag – Labyrinten i Ungdomshuset Vonheim

**Oppussing, innreiing og innkjøp av utstyr til Ungdommens lokalar/Labyrinten i Ungdomshuset Vonheim**





# Tysnes Gjev Meirsmak - Stolpejakten 2025




- Tysnes gjev meirsmak tok initiativet til å etablere Stolpejakten Tysnes, og har sidan starten hatt ei sentral rolle i å samle lag frå heile øya om eit felles folkehelse- og reiselivstiltak. Gjennom målretta arbeid har prosjektet blitt eit symbol på samarbeid og engasjement i lokalsamfunnet.
- Saman med idrettslag og bygdelag frå ulike delar av Tysnes har ein bygd opp eit inkluderande og gratis aktivitetstilbod som motiverer både fastbuande og tilreisande til å oppleve naturen – til fots, på eiga hand eller saman med andre.
- I 2025 deltok 1 565 stolpejegrar på Tysnes, med til saman 34 793 innsjekkingar. Dette er noko færre enn året før (2 021 deltakarar og 52 898 innsjekkingar), men aktiviteten per deltakar held seg høg – kvar stolpejeger besøkte i snitt over 20 stolper gjennom sesongen. Det vitnar om eit sterkt engasjement og ein lojal brukarbase som nyttar tilbodet aktivt, trass i at Våge ikkje hadde stolper denne sesongen

# Tysnes frivilligsentral - Gjennomføring av seniortreff

- I løpet av 2025 har det vorte arrangert 4 seniortreff: 13. mars, 22. mai, 2. oktober og 27. november.
- Alle treffa vert arrangert i 5 ulike bygder på same dag. Treffa har vore svært populære, og me har faktisk opplevd både venteliste og publikumsrekord dette året. Det siste treffet i november hadde til saman 242 gjester. Først og fremst er treffa ein sosial møteplass for seniorane våre, men samtidig også ein svært god arena for å nå ut med viktig aldersadekvat informasjon.





# Næringsfondet

**Døme:**

# Populært Næringsfond

- **MEIRBRUK AS** Oppretting av salskonsept for lokalprodusert mat slått saman med Brukshuset AS
- **Nguyen Vårrull** Innkjøp av matvogn
- **Svingen Eiendom Tysnes AS** Tysnes aktivitets- og helsesenter
- **Heimalaga av Robles** Oppgradering av kjøkken
- **Haaheim Gard** Utvikle og modernisere kundereisen med AI resepsjonist
- **Kraako musikk** Nytt album “Gamle spor”
- **Mandelhuset Eigedom AS** Stønad til forprosjekt for hotelløkonomi og marknadsgrunnlag
- **Haaheim Gard** Utvikle lokalmatprosjekt som fritidsgjester og lokalbefolkning kan kjøpe matkasser
- **Røssland kystfiske** Rubbhall til lagring av dyrbart utstyr i Nedrevåge
- **Mandelhuset AS** Pilotprosjekt: Praktisk bruk av AI i småskala reiseliv
- **Mandelhuset Eigedom AS** Konseptutvikling Tysnes Hotell
- **Dalland Gard** Utleigeeining i eldhus frå 1922
- **Kulturløo på Drange** Registrering av gjenstander

# Svingen Eiendom Tysnes AS - Tysnes aktivitets- og helsesenter

- Utviding av lokale til treningssenter; oppussing, ventilasjon, og nytt og overhala utstyr.



# Mandelhuset Eigedom AS - Forprosjekt for hotelløkonomi og marknadsgrunnlag

- Analyse av nasjonal og regional hotellmarknad
- Kartlegging av konkurransesituasjon og etterspurnad
- Vurdering av optimal romkapasitet, konsept og segment
- Økonomiske analysar av driftsmodell, bereevne og leigenivå
- Sensitivitetsanalysar og risikovurderingar
- Kundeundersøking med lokal og regional forankring



# Haaheim Gaard - Utvikling av sjøbad og sauna på E H Vaage

- Utvikla eit konsept som heiter E H Vaage Damp & Bad, under eigen merkevare
- Me ynskjer også å knytte det sterkare til konseptet ved sjøen og smørbrødrestauranten her.
- Tilleggstjenester til gjester på Haaheim
- Utleige





# Nguyen Vårrull - Innkjøp av matvogn

- Investeringa vil gje betre arbeidsforhold og moglegheit for å kunne servere mat heile året.
- Det vil også føre til utviding av menyen til for eksempel ulike wok-rettar, nudlar og steikt ris med ulike sausar.
- Støtta har vore vesentleg for å kunne vidareutvikle verksemda til å no verte ein heilårs arbeidsplass.





# Haaland Tannklinikk AS - Oppstart av Tannklinikk

- Klinikken er endeleg i drift, og alle dei største investeringane er gjort.
- Me har oppretta ein ny og moderne tannklinikk frå botnen av.
- Tusen takk for all hjelp så langt. Me set stor pris på støtta, og er kjempeglade for å vere i gang med tannbehandling på Tysnes!




1. Aksjeselskap eller stiftelse
2. Samarbeid med Sparebankstiftelsen
Tysnes Kraftlag AS
Sparebank-stiftelsen
TYSNES KRAFTLAG AS
3. Eigenkapital-prosjekter
4. Eigedomsutviklings-selskap

# Stiftelse eller AS

Ei stifting er ei drifts- eller organisasjonsform, altså ein måte å driva ei verksemd på. Stiftingar varierer mykje i storleik og arbeider med mange ulike aktivitetar. Felles for alle stiftingar er at dei ivaretek eit føremål som kan vera ideelt, humanitært, kulturelt, sosialt eller økonomisk.

Føremålet til ei stifting kan til dømes vera å gje støtte til forskingsprosjekt eller å forvalta eit kulturhus i kommunen. Føremålet som stiftinga skal ivareta, bør ha eit langsiktig perspektiv og ei føreseieleg utvikling.

Stiftingar har ingen eigarar, men blir styrte av føremålet. Ei stifting har verken eigarar eller medlemmar med eigne rettar i organisasjonen, slik ein finn i aksjeselskap og foreiningar. Det betyr at stiftinga er eit sjølveigande rettssubjekt.

Den viktigaste oppgåva til stiftinga er å gjennomføra føremålet. Det betyr at alle vedtak som blir fatta i stiftinga, må tena dette føremålet. Det er styret i stiftinga som har ansvaret for å forvalta stiftinga på ein måte som tener føremålet.

Vurdering av Wikborg Rein i 2022

# Omdanna TKAS til ideell stifting

- **Ingen lovreglar som gjer at aksjeselskap kan omdannast direkte til stifting**
- **Omdanning må skje gjennom oppløysing**
  - Krev 3/4 fleirtal i generalforsamlinga.
  - Inneber realisasjon av aksjane -> risiko for at eventuell gevinst kan bli skattepliktig hos aksjonæren, sjølv om vedtektene fastset at overskotet skal førast over til ei stifting.
  - Det kan søkjast om bindande førehandsuttale for å få avklart skattespørsmålet.
  - Det kan òg søkjast om skattelempe etter skattelova § 11-22, men det er tvilsamt om vilkåra for fritak er oppfylte. Dette bør difor drøftast med departementet, som fattar vedtak: «ledd i omorganisering eller omlegging av verksemd med sikte på å gjera henne meir rasjonell og effektiv».

Samarbeid med Etne El Lag i 2025/26

# Søknad om bindande førehandsuttale til Skatteetaten

- Inneber realisasjon av aksjane -> risiko for at eventuell gevinst kan bli skattepliktig hos aksjonæren, sjølv om vedtektene fastset at overskotet skal førast over til ei stifting.
- Søknad om bindande førehandsuttale for å få avklart skattespørsmålet er sendt i april 2026 gjennom advokat Haver, saman med Etne El Lag, som har identiske vedtekter som våre.

# Samarbeid med Sparebankstiftinga Tysnes

**Godt samarbeid etablert for å leggja til rette for eit godt og føreseieleg samarbeid mellom partane, slik at samla ressursar og tildelingar kjem lokalsamfunnet på Tysnes best mogleg til gode.**

**Samarbeidet skal særleg:**

- bidra til god koordinering mellom fonda
- redusera risiko for overlapp og interessekonfliktar
- skapa openheit og føreseielegheit for søkjarar
- leggja til rette for strategiske satsingar
- sikra god forvaltningsskikk og habilitet
- arbeide fram ein felles søknadsportal
- sikre kontinuerleg utvikling i takt med behova

Sparebankstiftinga Tysnes

# TYSNES+

**Større, langsiktige prosjekt med positive ringvirkningseffektar for lokalsamfunnet**

# UTFORDRINGA

**«Tenke større og planlegge lengre» – GF gir styret fullmakt til å disponere verdikapitalen til større, langsiktige prosjekt som gir økte ringverknader for lokalsamfunnet**

### DAGENS MODELL

- Kun årets utbytte kan bli delt ut
- Grunnkapitalen (~1 mrd) forblir urørt
- Avgrensa til mindre prosjekt
- Låg årleg avkastning på kapitalen
- Realverdien fell med inflasjon over tid

→

### TYSNES+ MODELL

- Utbytte + delar av verdikapitalen
- GF set rammer for årlege uttak
- Moglegheit for større, langsiktige prosjekt
- Finansiering via låneopptak (pant i aksjer)
- Større og tidlegar lokalsamfunnseffektar

T+

# KVA ER TYSNES+?

**TKL har ein ambisiøs formålsparagraf**
**Dagens rammer gir styret avgrensa moglegheit til å leve opp til han!**

1

### Tilskot til lokalsamfunnet

Lag, organisasjonar og enkeltiltak – samkjørt med Sparebanken sitt fond

2

### Næringsliv og prosjekt

Investering i lokale næringsprosjekt og nye etableringar

3

### Kommunale tiltak

Vei, infrastruktur og planarbeid der TKL kan gjere ein forskjell

4

### Langsiktige investeringar

Større satsingar med potensial for større samfunnsgevinstar

**TKL tar initiativ – Prosjektdriver har lokal tilknyting · Prinsipp: armlengdes avstand og politisk uavhengigheit**

# KVA KAN 10+ PROSJEKTER NYTTAST TIL?

**Nedanfor er fire konkrete eksempel på prosjekttypar der Prosjekt 10+ kan utgjere ein avgjerande forskjell:**

## 1. Offentleg-privat samarbeid

### Eiendomsselskap saman med kommunen

TKL og kommunen går saman om å etablere eit felles eiendomsselskap for å planlegge, utvikle og tilrettelegge eigedom til beste for lokalsamfunnet – bustader, næringsareal eller offentlege føremål.

## 2. Næringsutvikling

### Utvikling av næringseiendom

Døme: Hodlekje / Dalland

Tilrettelegging og utvikling av næringseigendom i samarbeid med private aktørar, der TKL sin deltaking med kapital kan vere avgjerande for å få prosjektet realisert.

## 3. Infrastruktur og samferdsle

### Veiselskap for lokal samferdsle

Døme: Fjellveien og Huglo-sambandet

Etablering av vegselskap eller medfinansiering av samferdsleprosjekt som betre knyter saman delar av kommunen og gjev nye moglegheiter for busetnad og næring.

## 4. Lokal eigenutvikling

### Utvikling av vår eigen eigedom i Våge

Døme: Hotell · Seniorbustad · GründerHub

TKL nyttar eigen eigedom i Våge som plattform for å realisere eitt eller fleire formål – hotell, seniorbustadar, GründerHub – som kvar for seg eller samla kan gi store ringverknadar.

# OPPSUMMERING TYSNES+

## Utfordringa

Dagens modell avgrensar TKL til berre å dela ut den årlege avkastninga (~2–2,5%). Realverdien av utdelingane blir gradvis påverka av inflasjon og endringar i underliggjande verdiar, medan grunnkapitalen står urørt.

## Moglegheitene

Prosjekt Tysnes+ gir styret fullmakt til å «tenke større og lengre» – ved å disponere delar av verdikapitalen til større, langsiktige prosjekt med sterk positiv lokal ringverknad.

## Potensialet

Samla disponibel ramme kan bli auka frå ca. NOK 20–25 mill til NOK 30–75 mill årleg – og gi lokalsamfunnet moglegheit for store velferdsverdiar også tidlegare enn med dagens modell.

## Styrets prioriteringer

1. Ta stilling til økt ambisjon og be GF om utvida fullmakt til å disponere delar av verdikapitalen
2. Vurdere finansieringsmodell via låneopptak med sikkerheit i Eviny-aksjar
3. Etablere profesjonell organisering med klare rutinar, tildelingskriterie og god Corporate Governance
4. Sikre forankring hos næringsliv og politiske mynde – ivareta omdømme gjennom transparente prosesser og armlengdes avstand


SAMARBEID OM ET FELLES
EIENDOMSSELSKAP
TYSNES
KOMMUNE
TYSNES
KRAFTLAG AS
Bedre tjenester
til innbyggerne
Bærekraftig
samfunnsutvikling
Tomteutvikling
og nye boligprosjekt
Effektiv ressursbruk
og lavere kostnader
Lokal verdiskaping
og arbeidsplasser